



NY BADESTRAND: Dagens badestrand som vender mot E39 er foreslått flytta til nedsida på galleriet. Ein ønskjer også å legge nytt toppdekke på piren slik at også rullestolbrukarar kan nytte den.

ALLE ILLUSTRASJONAR: NORPLAN

Planlegg opprusting ved Eikaasgalleriet

Slik kan området bli

JØLSTER: - Vi er veldig fornøgd med skissene. Dette er akkurat slik vi ønskjer at det skal sjå ut.

CECILIE BRENDEHAUG RYSJEDAL
Cecilie.Rysjedal@firda.no

Det seier Anne Grete Nøttingnes, tenesteleiar for plan og bygg i Jølster kommune.

Arkitektfirmaet Nordplan har fått i oppdrag av Jølster kommune å lage ein plan for områ-

det rundt Eikaasgalleriet. Teikningane vart presentert for kommunestyret 19. juni.

27 parkeringsplassar

I forslaget er det lagt inn 27 parkeringsplassar, ein snuplass og to langsgåande parkeringsplassar for bussar.

Piren som går ut i Jølstravatnet skal få nytt toppdekke og ein skulpturell benk. Gangsonene skal få betongheller og badestranda er foreslått flytta til nedsida av galleriet.

- Uteområdet er tenkt som eit

mindre parkanlegg, og er skissert opparbeidd med frodige planareal og store tre. Det er planlagt nokre mindre bed og planterekker som strammar opp og skjermar opphald- og gangsoner, skriv Nordplan i prosjektskissa.

Riv garasje

I planane vert også den gamle garasjen foreslått riven og erstatta med eit nytt næringsbygg mellom galleriet og båthamna.

Bygget, trea og området elles er foreslått lyssett på ein måte

som skal skape merksemd for forbipasserande, samt skape tryggleik for dei som oppheld seg der, står det på Jølster kommune sine heimesider.

- Meir struktur

- Planane gir meir struktur på parkeringa, og det blir også eit hyggelegare parkområde, seier Nøttingnes.


Men når planane kan bli realisert er framleis usikkert. Grovt rekna vil oppgraderinga koste kring sju millionar kroner.

- Vi har ikkje sett av fleire

midlar til prosjektet i økonomiplanen, så vi må eventuell gjere ei ny politisk handsaming av saka før vi bestemmer oss for noko, seier Nøttingnes.

Planane gir meir struktur på parkeringa, og det blir også eit hyggelegare parkområde.

ANNE GRETE NØTTINGNES
tenesteleiar



OMRÅDET: Betre innkøyrse frå E39, to haldeplassar for buss og 27 parkeringsplassar er foreslått i forslaget frå Norplan.



ERSTATTAST: Det gamle garasjebygget som står i dag vert foreslått rive og erstatta med eit nytt næringsbygg.